

Noregs vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Bergen, 04.12.2017

## Innspel gjeldande søknad om Onarheim kraftverk, Kvinnherad kommune

Vi viser til søknad om Onarheim kraftverk i Hellandselva (vassdragsområde 042.93C) i Kvinnherad kommune og høyringsbrev fra NVE om søknaden datert 20.09.2017 (NVE saksnummer 201406675).

### Vurdering av «samlet belastning» på Folgefonnahalvøya

I vassressursforvaltinga eksisterer det rettslege krav til gjennomføring av vurdering av sumverknader, og over tid er det etablert både retningslinjer og forvaltningspraksis på feltet som også er relevant å visa til i denne saka. Førebels eksisterer det ikkje ein eigen offisiell, felles metode for vurdering av sumverknader.

Vi viser til at prinsippet om «samlede virkninger» etter konsekvensutgreiingsregelverket, det miljørettslege prinsippet om «samlet belastning» i naturmangfaldlova § 10 og vassressurslova § 25 er relevante rettsgrunnlag for saka om Onarheim kraftverk.

Olje- og energidepartementet publiserte 18.06.2007 «Retningslinjer for små vannkraftverk – til bruk for utarbeidelse av regionaler planer og i NVEs konsesjonsbehandling». I retningslinjene vert det peika på tydinga av sumverknader av fleire inngrep og effekten av «bit for bit»-utbygging. I desse retningslinjene vert det mellom anna vist til – og dette er relevant for enkeltsaksbehandling – at «Inngrep som kan gi uheldige sumvirkninger og som kan påvirke totalopplevelsen av fjordlandskapet (landskapsrommet) negativt bør i hovedsak unngås».

I vurderinga av vassressurslova § 25 er det også relevant å ta omsyn til sumverknader på sjølvstendig grunnlag etter denne bestemminga i konsesjonsvurderinga. Førarbeida Ot. prp. nr. 39 (1998-1999) legg vekt på i merknad til vassressurslova § 25: *"Selv om minstekravet er oppfylt, og tiltaket alene ikke har store skadevirkninger, kan det begrunne et avslag at sumvirkningen av mange slike tiltak som kan forventes i fremtiden, til sammen vil ha det"*. I Kvinnherad kommune er det konsesjonsgjeve ei rekke energitekniske inngrep. Det er også relevant å leggja til grunn vegar og deponi som er sakleg knytta til energitekniske inngrep. Vi ber NVE om å vurdera omfanget av sumverknader i høve søknaden om Onarheim kraftverk.



Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen  
55 33 58 19 / 40 49 70 74

 [hordaland@fnf-nett.no](mailto:hordaland@fnf-nett.no)  
 [www.fnf-nett.no/hordaland](http://www.fnf-nett.no/hordaland)


Vi ønskjer å visa til brev datert 11. april 2013 frå NVE gjeldande «Folgefonnapakken». I dette brevet vart høyringspartane bedt om å vurdera kvar sak for seg, men òg alle sakene samla. Vi vil visa til at vurderinga av «samlet lastning» gjennomført i samband med «Folgefonnapakken» (KSK-notat nr.: 25/2014). I dette dokumentet gjennomførte NVE ei vurdering av 12 søknader om småkraftverk, éin søknad om minikraftverk og éin søknad om overføring. Tematisk vart det vurdert sumverknader for friluftsliv, naturmangfald, inngrepstidsløp, fugl, anadrom fisk og ål, forholdet til naturmangfaldlova, kulturminner og kulturmiljø. I samband med småkraftpakker gjennomfører NVE ei vurdering av kva som vil vera ei føremålstenleg, geografisk avgrensingar for vurdering av sumverknader i samband med energitekniske inngrep. I «Folgefonnapakken» vart det uttalt:

*«Vi har valgt å dele opp vår vurdering i geografiske avgrensede områder og landskapsrom. Disse utgjør naturlige enheter som kan gjøre det enklere å identifisere sumvirkninger av flere små prosjekter. Vi mener det ikke er naturlig å se hele Folgefonnahalvøya som ett samlet landskapsrom siden området er svært variert og innehar lokale særegne kvaliteter. Vi har lagt særlig vekt på områdene ved Herand, Jondalvassdraget og områdene rundt Englafjell, Mjelkhaug og Ulvanosa».*

Hellandselva høyrer til områda kring Mjelkhaug og Englafjell. Fylkesdelplanen peiker også på at sti langs Hellandselva er eit mykje nytta oppfartsområde (sjå s. 67). I KSK-notat nr.: 25/2014 vart det lagt vekt på verknader tiltaka ville ha på innfallsportar til mellom anna Mjelkhaug og Englafjell. Stiane langs Hellandselva er innfallsport mot området Englafjell via Bremstølsvatnet (Krolivatnet), Sundstølsvatnet og Svartavatnet. Vi ber NVE vektlegge at stiane langs Hellandselva er ein viktig innfallsport – i tillegg til at området sjølv – har ein stor verdi for lokalbefolkinga og at det regionalt er klassifisert som eit viktig område i friluftslivsamanheng. T-merka rute går på nordsida av Hellandselva.



Foto 1 Hellandselva ved Bremstøl. Utsyn mot Husnes og Husnesfjorden. Dato: 16.06.2017



Kart 1 T-merka ruter i influensområdet kring Hellandselva. Hellandselva er i fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009 – 2021 identifisert som eit viktig oppfartsområde mot Englefjell.



Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen  
55 33 58 19 / 40 49 70 74

 [hordaland@fnf-nett.no](mailto:hordaland@fnf-nett.no)  
 [www.fnf-nett.no/hordaland](http://www.fnf-nett.no/hordaland)

Vi ber NVE leggja til grunn ei sumverknadsvurdering i lys av «Folgefonna-pakken», og eventuelle andre søknader om energitekniske inngrep som er lagt fram i dette avgrensa området etter handsaminga av den nemnde småkraftpakka. Omsynet med denne vurderinga var: «En samlet behandling av sakene er valgt for å gjøre det enklere for NVE å vurdere samlet belastning av de konsesjonssøkte tiltakene og gi en mer helhetlig oversikt over fordeler og ulemper for allmenne interesser». Retningslinjene frå OED gjeldande små vasskraftverk støtter også synspunktet om heilskapleg vurdering, s. 16, «Søknader om utbygging i sammenhengende fjordlandskap bør samordnes og behandles mest mulig samlet».



Foto 2 Området kring Bremstølvatnet (Krolivatnet) og øvre del av Hellandselva har eit urørt preg. Delar av Bremstølvatnet ligg innanfor eit inngrepsfritt naturområde. Dato: 16.06.2017

Prosjektet Onarheim kraftverk vil påverke graden av energitekniske inngrep i tilknyting til eit større samanhengande naturområde for friluftslivet bunde til området Englafjell, Mjelkhaug og Ulvanosa. Vi viser til at i KSK-notat nr.: 25/2014 vart det lagt vekt på korleis energitekniske inngrep påverka dette området i vurderinga av ulemper for allmenne interesser.

Landskapsområdet ved Bremstøl ber ikkje preg av tekniske inngrep. Delar av området ved Bremstøl og delar av Bremstølvatnet er ein del av det nemnde inngrepsfrie naturområdet. I fylkesdelplanen for små vasskraftverk er det inngrepsfrie naturområdet klassifisert til å ha «stor verdi», og dette INON-området dekkjer også eit fjellparti som er klassifisert som sårbart


Forum for natur og friluftsliv Hordaland

 Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen  
 55 33 58 19 / 40 49 70 74

 [hordaland@fnf-nett.no](mailto:hordaland@fnf-nett.no)  
 [www.fnf-nett.no/hordaland](http://www.fnf-nett.no/hordaland)

høgfjell med «stor verdi». Omsøkt tiltak vil føra til tap av 1,45 km<sup>2</sup> INON sone 1 i dette området. Det er relevant å vurdera inngrepet i høve større samanhengende naturområder med urørt preg for friluftslivet.

Hellandselva bidrar allereie i dag til samfunnssnyttige føremål, og meiner at løyve til fleire inngrep i vassdraget vil bidra til å forringa naturkvalitetane ytterlegare og det urørte preget i området kring Bremstølen. Etablering av inntaksdam ved Bremstøl og redusert vassføring i Hellandselva vil vera til vesentleg ulempe for friluftslivinteressen. Vi ber NVE leggja vekt på at dei i tidlegare forvaltingspraksis har vore varsame med å tillate energitekniske inngrep i det nemnde inngrepsfrie naturområdet, og at dette har vore lagt til grunn i vurderinga av sumverknader.



Kart 2 Samanhengande naturområder med urørt preg i området kring Hellandselva og den sørlege delen av Folgefonna halvøya. I KSK-notat nr.: 25/2014 nyttar NVE område 12 som avgrensning for sumverknadsvurdering i Folgefonna-pakken.

I fylkesdelplanen for små vasskraftverk 2009 – 2021 høyrer Husnes-området til Delområde 12, s. 67: "Delområde Rosendal-Husnes hører til Hardangerfjorden der landskapet har stor verdi og er nasjonalt viktig for reiselivet. Strekningen Rosendal-Uskedalen har fjordlandskap av stor verdi, vurdert som det ypperste og mest enestående fjordlandskapet. Området har friluftsområder med stor verdi i tilknytning til Ulvanosa (utfartsområde med klatring og toppturer) sørøst i Kvinnherad. Friluftsområder med middels verdi har Englafjell-Mjelkhaug som ligger sørøst i Kvinnherad. Områdene rundt Mjelkhaug, Englafjell, Ulvanosa og Kvannto er vurdert å ha sårbart høyfjell av stor verdi".



Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen  
55 33 58 19 / 40 49 70 74

 [hordaland@fnf-nett.no](mailto:hordaland@fnf-nett.no)  
 [www.fnf-nett.no/hordaland](http://www.fnf-nett.no/hordaland)

Det følgjer av retningslinjene frå Olje- og energidepartementet om små vasskraftverk at det er relevant å ta omsyn til sumverknader og dominerande landskapselement, til dømes fossar i fossefjordlandskap, jf. foto 3. Retningslinjer for handsaminga: «Inngrep som medfører bortfall eller vesentlig reduksjon av dominerende landskapselementer, for eksempel fossar i fossefjordlandskap, bør som hovedregel unngås», og «Inngrep som kan gi uheldige sumvirkninger og som kan påvirke totalopplevelsen av fjordlandskapet (landskapsrommet) negativt bør i hovedsak unngås». Husnesfjorden er ein del av Hardangerfjorden. Hardangerfjorden har nasjonal verdi. Hellandselva går i eit synleg løp nedetter heile fjellsida, og føreslått vassføring vil føra til vesentleg reduksjon av eit særslag landskapselement.




Foto 3 Hellandselva sett frå Husnesfjorden. Elva er eit synleg landemerke i fjordlandskapet. Dato: 16.06.2017

I tillegg vil det være relevant å leggje vekt på sumverknader på elvenaturen i Kvinnherad. Vi viser til nasjonal rødliste for naturtyper. "Elveløp" er rekna som truga naturtype med status "NT" (nært truga). Vasskraftutbygging er identifisert som ein av påverknadsfaktorane for denne naturtypen. Rådgivende biologer har identifisert naturtypen «fosseberg» i Hellandselva og verdisatt denne til "C". Dette har relevans i vurdering av samla last av energitekniske inngrep på Folgefonnahalvøya, jf. naturmangfaldlova § 10. Her kan ein visa til vurderinga i Nasjonal rødliste for naturtyper, s. 72: "Årsaken til tilstandsreduksjon for hovedtypene er først og fremst eutrofiering, forsuring og vannkraftutbygging. Bekker er utsatt for nedbygging i tillegg til tilstandsreduksjon (se referanser i

Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen  
55 33 58 19 / 40 49 70 74

 [hordaland@fnf-nett.no](mailto:hordaland@fnf-nett.no)  
 [www.fnf-nett.no/hordaland](http://www.fnf-nett.no/hordaland)

Schartau m.fl. 2008)". Hellandselva har allereie energitekniske inngrep i nedre del av elva, og øverst i vassdraget er Svartavatnet nytta som reguleringsdam for drikkevatn og som prosessvatn til industrien på Husnes. Ei vurdering av samla last i sjølve elva er aktuell i tillegg til ei samla last av energitekniske inngrep generelt på **Folgefonna halvøya**. I tillegg vil Krolivatnet/ Bremstølvatnet (042-22140-L) kunne skildrast som naturtypen "klare, kalkfattig innsjøer" med tilstand (VU) – sårbar, jf. foto 2 og kvantitative verdiar for vannkjemien i Hellandselva i rapporten frå Rådgivende biologer (s. 25 i denne i avsnittet «Akvatisk miljø»).

Føreslått utbygging vil redusere middelvassføringa med 71,4% ved inntaket i eit tørt år. Det er sjølv om minstevassføringa er meir enn dobla i høve til når konsekvensutreiinga for naturmangfald og friluftsliv vart gjennomført. Midla restvassføring er oppgitt til  $0,682 \text{ m}^3/\text{s}$  – ein stor del av dette er tilsvig frå restfeltet. For opplevinga av elva vil fraføringa som gjeld ei strekning på 1850 meter være betydeleg og aukande dess nærmere inntaket ein kjem. Ei slik vesentleg reduksjon i vassføringa vil også ha konsekvensar for biologisk produksjon i elva.

Generelt føreligg det usikkerheit i data generert frå NVEs NEVINA og i tilpassinga av data frå modellvassdrag. Vi skulle ha ønskt at tiltakshavar drøfta usikkerheit nærmere i søknaden. I konsesjonssøknaden går det fram at tiltakshavar har etablert ein eigen vassføringsmåla i Hellandselva på kote 64 i 2010, s. 14: «*Per i dag er ikke disse måledataene gode nok til å gi et godt bilde på den årlige vannføringen. Videre analyser må derfor baseres på en sammenlikning og skalering med tidsserier for avløp fra målestasjoner i nedbørfelt med lignende avløpsforhold*». Vi håpar at tiltakshavar vil gje ei nærmere vurdering av datakvaliteten til den etablerte målestasjonen og eventuell usikkerheit ved tilpassing av data frå modellnedbørfelta.

I anleggsfasen vil inngrepa vere store, spesielt vil rørtraseen langs elva og T-merka sti som vil vere 24 meter brei vere særskilt ved lav vassføring og i tørre år når vassføringa er lav over tid.

Tiltaksområdet er avsatt til nedslagsfelt for drikkevatn i gjeldande kommunedelplan med inntak nedstrøms omsøkt kraftstasjon. Ved ei utbygging vil da heile strekningen frå inntakspunktet og heilt ned til Opsangervatnet påverkast. Særskilt ved lav vassføring og i tørre år når vassføringa er lav over tid.

## Fisk


Ål (VU) er til stades i Opsangervatnet og det er sannsynleg at ål også går opp i Hellandselva. Vi veit at utbreiinga av ål ikkje nødvendigvis samsvarer med anadrom laksefisk. Konsekvensane ved elvekraftverk for ål gjeld både begrensning av oppvandring og auka fare for død ved nedvandring. Søknaden drøftar ikkje tilstrekkelig konsekvensar for ål. Sjølv om ål i stor grad er knytta til innsjøar som ligg lågare, så ligg meir enn 25% av innsjøane med registrert ålforekomst høgare enn 100 moh.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Thorstad, Eva B. 2010 «Ål og konsekvenser av vannkraftutbygging - en kunnskapsoppsummering»

<http://www.nina.no/archive/nina/PppBasePdf/rapporter%20i%20ekstern%20rapportserie/2010/Thorstad%20%C3%85%20Milj%C3%B8basert%20Vannf%C3%B8ring%201%202010.pdf>

## Fugl og pattedyr

Det er registrert spellassar for storfugl nær røyrgatetraseen. Sjølv om bestanden reknast som livskraftig går bestanden ned. Bestandsnedgangen er estimert til 10% i perioden 2007-2014. Tilnærma heile tiltaksområdet inngår i eit viktig beiteområde for hjort. Rådyr er også registrert i området og er blitt meir vanleg i området dei siste åra. Spesielt i anleggsfasen vil både fugle- og pattedyrbestandar kunne påverkast.



Kart 3 Energitekniske inngrep. Kjelde: NVE Atlas

## Regional vassforvaltingsplan for Hordaland 2016-2021

SKL viser til EUs Vannrammedirektivet 2000/60/EF, s. 27, og direktivet er gjennomført i norsk rett i 2007 som «Forskrift om rammer for vannforvaltningen» (vassforskrifta). Vurderingane som vert utført av SKL bør vera i høve dei krav som forskriften stiller. NVE må gjennomføra ei vurdering av vassforskrifta § 12 om nye tiltak. Vilkåra i vassforskrifta § 12 andre avsnitt er kumulative, dvs. alle vurderingstema må vera oppfyllt. I tolkinga av vassforskrifta § 12 må det også leggjast til grunn ei avveging mot andre samfunnsnyttige føremål, slik at det vert stilt ein normativ terskel mot ytterlegare inngrep som vil kunne bidra til forringing av miljøtilstanden og eventuelt tap av miljøkvalitet. I høve miljøkvalitet og miljøtilstand er det relevant å vurdera dette i høve naturmangfaldlova § 10. Miljøkvalitetsnormene som ligg til grunn for

Forum for natur og friluftsliv Hordaland

Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen  
55 33 58 19 / 40 49 70 74

 [hordaland@fnf-nett.no](mailto:hordaland@fnf-nett.no)  
 [www.fnf-nett.no/hordaland](http://www.fnf-nett.no/hordaland)

vassforskrifta er eit uttrykk for vurderinga av tilstanden for akvatiske økosystem. Påverknader på desse økosistema er relevant å leggja til grunn i vurderinga etter naturmangfaldlova § 10. Sjå til dømes s. 34 i regional plan for vassregion Hordaland, der det vert skrive: «Sur nedbør og vasskraftutbygging er dei største påverknadane på vassdraga i fylket». Vi ber NVE gjennomføra ei vurdering av «samla belastning» i vurderinga av «tapet av miljøkvalitet», jf. naturmangfaldlova § 10 og vassforskrifta § 12. SKL skriv, s. 27, at tilstanden er "antatt god". Tilstandsvurdering er satt til "god" miljøtilstand i "Tiltaksplan for vassregion Hordaland 2016-2021". Drikkevatn er også underlagt krav etter vassforskrifta § 17, og med mål om at slike kjelder «skal beskyttes mot forringelse av kvaliteten».

Det er verdt å merka seg at sjølv om kommunestyre i Kvinnherad 30.11 gjekk inn for å tilrå omsøkt utbygging, mot fem stemmer, så var dette i strid med rådmannen sin konklusjon etter ei faglege vurdering: «Kvinnherad formannskap rår i frå at Sunnhordaland Kraftlag AS for konsesjon til bygging av Onarheim Kraftverk. Dersom det vert utbygging må drikkevassforsyninga sikrast og friluftsinteressene takast omsyn til».

Vi ønskjer å visa til innspelet frå Kvinnherad Turlag og støttar brevet som er sendt frå dei i saka.


På vegne av organisasjonane

Ørjan Sælensminde

FNF Koordinator Hordaland



Naturvernforbundet  
Hordaland



#### ELEKTRONISK KOPI

Kvinnherad kommune

Hordaland Fylkeskommune

Fylkesmannen i Hordaland

*FNF Hordaland er et samarbeidsforum for natur- og friluftsorganisasjoner i Hordaland, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsinteressene i fylket. Per i dag er det 10 organisasjoner tilsluttet FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag (DNT), Naturvernforbundet Hordaland, Norges Jeger- og Fisker forbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Norsk Ornitolig Forening Bergen lokallag, Hordaland fylkeskystlag, Norsk Botanisk Forening Vestlandsavdelingen, Syklistenes Landsforening Bergen og omegn, Voss Utferdsdag (DNT) og Voss Kajakklubb. Sammen representerer organisasjonene rundt 39.000 medlemmer i fylket.*

Forum for natur og friluftsliv Hordaland

 Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen  
 55 33 58 19 / 40 49 70 74

 [hordaland@fnf-nett.no](mailto:hordaland@fnf-nett.no)  
 [www.fnf-nett.no/hordaland](http://www.fnf-nett.no/hordaland)